



Torfinn Myklebust klappar ikkje spontant i hendene for snøggbåtstopp i Uskedalen . (Foto: Ola Matti Mathisen)

24. januar skal formannskapet ta stilling til framlegget frå rådmannen om snøggbåtstopp i Uskedalen. Formannschaftsmedlem og uskedeling Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) klappar ikkje spontant i hendene for forslaget. Han meiner at båten ville fanga opp fleire reisande med stopp i Herøysund.

Myklebust seier dette til uskedalen.no:

- For oss uskedelinger kan det sjølv sagt verka besnærande at nokon igjen legg opp til rutebåtstopp i bygda. Det er minst 20 år sidan sist, Og hvis det blir aktuelt, vil Børnes truleg vera det einaste aktuelle alternativet. Men då blir det på ein måte i konkurranse med Herøysund.

Argumentet før stopp i Uskedalen er å få fleire kvinnheringar til å reisa frå andre deler av indre Kvinnherad og Odda. Men eg trur det ville vera mogeleg å fanga opp enda fleire reisande hvis ein gjorde som kommunestyret gjekk inn for i fjor sommar. Då bad vi forgjeves om at Herøysund framleis skulle vera stoppestad.

Ellers trur eg framlegget frå rådmannen ikkje vil falla i god jord korkje i Rosendal eller Odda ettersom desse regionane sist sommar kjempa hardt mot Herøysund, Uskedalen er truleg nesten like uakseptabel som stoppestad – sett gjennom deira egoistiske brillar.

Fylkesrådmannen og fylkespolitikarane hadde problem med å ta inn Herøysund som stoppestad på grunn av kontraktmessige vurderingar. Dei vil truleg ha dei samme problem med å satsa på Uskedalen

- Men kva så med framlegget om å kutta ut Os på morgonavgangane?

- Dette framlegget er merkeleg. Å få med Os var avgjerande for at denne ruta kom i gang. Ordførar Terje Søviknes var imot ho, men sa likevel ja i fylkesutvalget då Os kom med som stoppestad.

No blir det hevda at få går på land på Os og at grunnlaget for stopp der difor er borte. Men grunnen til at ikkje fleire går av på Os kan vera at folk frå Hardanger trur dei kan komma tidligare og lettara til Flesland og Bergen hvis dei tek båten like fram. Det er ikkje tilfelle.

Dei som går av og tar bussen frå Os er tidlegare på flyplassen enn dei som tek båten rundt og minibussen opp til terminalen.

Hvis ein kunne nytta det same ruteopplegget som den "gamle" Herøysundruta med Os som endepunkt ville det gå raskare enn å reisa rundt og då ville fleire igjen gått i land på Os.

Ved å satsa på ei slik løysing ville båten også ha vorte disponibel for fleire turer, meiner Torfinn Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen



Stor påsketraffikk med snøggbåten då den stoppa i Herøysund (Foto: Ola Matti Mathisen)